

Skriftleg spørsmål til ordførar

Kommunestyremøte 30.mars 2023

Ordførar:

Det har den siste tida vore fleire oppslag der fritids/sportsfiskararar opplever å få fisk som er full av fiskefor frå oppdrettsnæringa.

I Avisa Nordhordland kunne vi lese om Øystein Angelskår som opplevde dette, og som fekk kome i dialog med Eide Fjordbruk og sett korleis dei arbeider.

Det var også nyleg eit lesarinnlegg der ein aktiv samfunnsdebattant, Rune Chr. Tollefsen skreiv om fangst av villfisk som er full av pellet.

Han stiller bla spørsmålet kvifor skjer dette?

Ordførar: KrF tenkjer at det er viktig å kome i dialog med oppdrettsnæringa i Alver kommune på bakgrunn av dette som fleire fiskarar i våre farvatn opplever. Det er viktig for innbyggjarane at dei får svar på kvifor dette skjer, og kva løysingar næringa har på denne utfordringa som vi ikkje ynskjer skjer.

Spørsmål:

Vil ordførar ta initiativ til eit dialogmøte med havbruksnæringa, gjerne i samarbeid med utval for næringsutvikling og drift?

Knarvik,

21.3.23

Astrid Aarhus Byrknes

Gruppeleiar KRF